

Frå tre dialektar til tre språk

Språklig og ideologisk

AV HELGE SANDØY

1. Ved inngangen til den nye tida

Før siste riksrådsmøtet for det norske kongeriket blei halde i Bud i Romsdal i august 1533, noterte bergensbispens Olav Torkjellsson¹ at m.a. desse sakene skulle opp (DN X, 674):

Yslannd ær vti Tyske hendher

Fferøy

*messzer holdis vppaa Norske ymott thenn hellige kirkis
skiick och budh*

Første saka viser at riksrådet var bekymra over situasjonen, som var at Norge var så svakt etter den langvarige nedgangstida at det ikkje lenger var i stand til å halde oppe noen autoritet på Island. Tyske kjøpmenn kunne dermed ta seg til rette. Kva saka om Færøyane gjaldt, går ikkje tydelig fram. Siste saka er interessang på den måten at vi her finn første belegget på at adjektivet *norsk* blir brukt om språk. Adjektivet var laga på 1400-talet, men dei to eldste belegga gjeld vektsystemet og eigeomsrett. Men i 1533 blei det altså brukt om språket. To år seinare skriv Olav Engelbrektsson eit notat om alle skuldingane han har mot Nils Lykke (DN XI, 621), og den eine er:

han haffuer latit holdiit messer paa Danske

¹ Utgivaren av *Norges gamle Love* meiner at notatet er etter Olav Engelbrektsson (2.r.IV 171).

Mest sannsynlig er "messer paa Danske" og "messzer vppaa Norske" akkurat det same. Saka var den at det i tida før reformasjonen kom opp ønske i fleire land om å halde messer på folkemålet i staden for på latin. Det danske riksrådet hadde oppe tilsvarende problem i Danmark. Prestar som praktiserte katolske messer, var altså noe ueinige om dette spørksmålet, som hadde pressa seg fram i Europa i seinmiddelalderen. Denne 'nye ånda' trong ikkje vere det same som ønske om ein større kyrkjelig reformasjon, men erkebispnen og bispane oppfatta det som ein trussel. Eit interessant spørsmål her er dermed: Korleis tenkte folk om språk på denne tida?


I denne artikkelen skal eg behandle to parallelle tema:

- A. Kva endringar skjer i vestnordisk språk gjennom hundreåra etter høgmiddelalderen?
- B. Kva endringar skjer i vestnordisk språkbevisstheit. (Eller: Kva tid får vi tre sjølvstendige kvistar på språktreet?)

Siste punktet er nok største utfordringa, for her er minst språkhistorisk arbeid gjort. Dessutan ligg her største faren for å lage tolkingar der vi projiserer tankekategoriene frå vår eiga samtid inn i fortida. Ein må her vere svært open for at forestillingane om språk er omskiftelige, og at dei er som andre kulturelle konstruksjonar påvirka av dei politiske og sosiale motsetningane i samtida.

2. Kva er eit språk?

Det er forskjell på spørsmålet "Kva er eit språk?" og spørsmålet "Kva er språk?". Det siste er eit ope spørsmål der ein kan svare med å ramse opp eigenskapar ved språk, f.eks. at det er eit kommunikasjonsmiddel, at det utnyttar ei kognitiv evne hos menneska osv. Svaret gjeld enten ein snakkar om eit språk, ein dialekt eller ein idiolekt. Det dreiar seg om fenomenet som har utgangspunkt i den menneskelige språkevna. Spør vi "Kva er eit språk?", sporar vi tanken inn på at språk utgjør ei eining slik at vi kan slå fast at noe er eitt språk og noe eit anna. Det er i utgangspunktet ikkje gitt at



det er slik, for levande språk er karakterisert av variasjon der ein varietet glir gradvis over i ein annan, og grensene er ikkje opplagt. Skandinavisk er eit bra eksempel, for det er ikkje naturgitt at det skal delas i tre språk. Hadde det ikkje vore politiske grunnar til det, hadde det gjerne vore naturleg og formålstenlig å rekne skandinavisk for eitt og same språket.

Det er altså politikk som virkar inn på forestillingane våre om kva som utgjør eit språk, dvs. språk som kan teljas som einingar, og som gjerne har eit namn, som f.eks. *norsk*. I denne betydninga er språk blitt ein institusjon som eksisterer ved at folk er opplært til å tenke og kategorisere verda på ein bestemt måte. Og då innrettar ein òg handlingane sine etter desse forestillingane, som om det ein forestiller seg, skulle ha ein reell eksistens.

Kva tid begynner ein så å tenke på språk på denne måten i Norden? Sosialantropologar har ofte oppdaga at det i mange språksamfunn ikkje er slik at folk har namn på språket sitt, eller at dei har ei oppfatning av at dei snakkar eitt bestemt språk. Språket er kort og greitt bare noe ein brukar når ein kommuniserer med andre. (Jamfør Janson 1997: 17ff.) Denne sosialantropologiske innsikta kan hjelpe oss til å forstå betre tidligare stadium i vår eiga historie.

Eksistensforma åt eit språk vi på denne måten forestiller oss, kan ein altså omtale som ein institusjon, som får konsekvensar for tanke og handlingar pga. den implisitte autoriteten. Autoriteten blir formidla gjennom at språket

blir dyrka som eit kulturobjekt med tillagte verdiar, assosiasjonar og kjensler. Denne autoriteten i Språket kjem fram i den ofte brukte utsegna om at språk er ein dialekt med ein her og ein flote (visstnok formulert først av Antoine Meillet og så meir poengtert av Max Reinhardt). Men ein kan òg framheve det sosialpsykologiske perspektivet om solidaritet og lojalitet med å seie at eit språk eksisterer når dei som snakkar det, vil at det skal vere eit språk – slik Tore Janson har formulert det (1997).

Viss noen spurde nordbuane for 1000 år sia om kva språk dei snakka, ville dei trulig ha svart "dønsk tunga" (eller helst "Tølum vér danska tungu"). Men det kan òg hende dei ikkje hadde forstått spørsmålet, slik Tore Janson opplevde det då han stilte eit tilsvarande spørsmål til ein stamme han besøkte i Kalahari-ørkenen (Janson 1997: 17ff.). Men i alle fall i den nordiske høgmiddelalderen ser det ut til at det fans ei språkoppfatning. I den norrøne litteraturen er det nemningar for mange språk, slike språk som nordbuane ikkje utan vidare forstod. Dermed hadde dei nok òg ei oppfatning av sitt eige språk, for tankekategoriene baserer seg jo gjerne på kontrastar. Nemninga *dønsk tunga* møter vi først i *Heimskringla* av Snorre Sturlasson, dvs. frå 1230-talet, og ho er brukt på Island om eit språk som også omfatta islandsk, så seint som i 1343 av Eysteinn Ásgrímsson i diktet *Lilja*.

Kring år 1300 var det skjedd ei mengd språklige forandringar som skilte aust frå vest og nord frå sør innafor det nordiske språkområdet. Men vi har ikkje vitnemål om at det i forestillingsverda var skjedd noen oppdeling i enkeltspråk innafor det nordiske (altså av *dønsk tunga*). Det var på den tida stor variasjon i både talemålet og i skrivemåtane i heile det nordiske området, men det var ikkje noe av denne variasjonen som skulle assosierast til eit rike eller eit statsmakt.

I seinmiddelalderen begynner det å komme ein ny måte å tenke om språk på i samband med den aukande europeiske interessa for folkemåla. I Sverige og Danmark var latin administrasjonsspråket heilt til utpå 1200-talet. Dèt var ulikt praksisen i Norge og på Island. Denne nye praksisen i Sverige gjør at *svensk* kjem i bruk som namn på språket, og det er tydelig at det da er meint i motsetning til latin, ikkje

til *dønsk tunga*. Etter 1300 blir nemninga *norrønn* òg vanlig som samlebegrepet for norsk, færøysk, islandsk og norn. Dermed skimtar vi motsetninga gammalvestnordisk mot gammalaustnordisk i språkbevisstheita (Sandøy 2000).

Interessant er det at ordet *norsk* ikkje finst før så seint som på 1400-talet. Det er laga av stammen *norrøn* + suffikset *-sk*. Så får ordet gradvis redusert den trykklette andrestavinga: *norrønsk* > *norrensk* > *nornsk* > *norsk*. Første gongen adjektivet er brukt, er det om eit brev i norsk eige, andre gongen om norsk vektsystem:

1415: *nornskt bref* (DN I, 643)

1529: *norsk wegt* (DN VII, 659)

I 1533 såg vi altså for første gong at ordet blei brukt om språket, men det refererte tydeligvis til det same som 'dansk', og poenget var kontrasten til latin, slik at det var 'heimemålet' som var det viktige innhaldet.

Skriftmålet i Norge blei etter 1450 meir og meir ei blanding av tradisjonell gammalnorsk/mellomnorsk og dansk. Men da uttrykker vi dette i fagtermar vi har som nåtidsfagfolk. For samtida var kanskje ikkje motsetninga dansk ≠ norsk så relevant, og dermed er også ordet *blanding* anakronistisk med tanke på korleis dette dokumentspråket blei opplevd. På denne tida var det nokså vanlig å tilpasse språkforma i brev etter språkforma til mottakaren, og var det danskar som var mottakarar, kom det fram. Elles kan det jo tenkas at den danske makta òg kom til syne ved at dansk blei meir og meir assosiert til autoritet. Ein gav i så fall eit dokument eit autoritativt preg ved å bruke ordformer som likna språket i maktsenteret. Men i bondebrev som fortalte om gardhandlar og liknande, måtte ein appellere til tradisjon og norsk lovgiving som autoritet, og derfor heldt slike dokument lenger på det vi kallar norsk språkform. For samtida formidla ulike språkformer kanskje ikkje meir enn ein skiftande orienteringshorisont.

1400-talet er ikkje lett å tolke i dette perspektivet. Det ser òg ut til å komme ein ny verdi inn i språkoppfatningane, ein symbolsk verdi. At kongehandfestinga hans Karl Knutsson

frå 1449 er på gammalvoren norsk, mens handfestinga hans Kristian 1 frå 1450 etter at "opprøret" var slått ned, er på dansk, har kanskje eit symbolsk innhald – men trulig ikkje eit så demonstrativt innhald som vi lett vil tolke inn i det i vår tid. Som ein interessang assosiasjon kan vi òg ta med at det er nettopp frå slutten av seinmiddelalderen, nemlig 1489, at vi har dokumentet som fortel om første kjente norske språkstriden, altså drapet som kom som følgje av tretta etter at ein gjest skåla på lågtysk og dermed provoserte ein annan til å uttrykke "Laath oss tala vorth fader moll och moder moll. Myth verdæ ei framare en thaw haffuæ varet" (=La oss tale målet til far og mor vår. Vi blir ikkje betre enn dei har vore) (DN I, 961). På denne tida med strid og markeringsbehov blant dei tre rika i Kalmarunionen er det òg at det gamle landsnamnet *Noregr* ser ut til å bli bytta ut med det nye *Norríki/Norrige* (Sandøy 1997).

Dette er sjølvsagt i stor grad gjettingar, men dei er eit forsøk på å rive seg laus frå begrepa og tankekategoriene som blei utvikla under nasjonalromantikken på 1800-talet for å unngå anakronistiske projiseringar.

3. Den norske sjølvstendestrident kring 1500

Sett frå vår samtid kan det virke underlig at dei som stridde for sjølvstende for det norske riket i slutten av seinmiddelalderen, ikkje la vekt på å bruke norsk språk. Siste erkebisp i Norge, Olav Engelbrektsson, var leiar i striden for å hevde Norge mot Danmark i unionen. Men han brukte dansk språk, enda det på den tida fans framdeles skrivarar som skreiv nokså norsklea dokument. Det tyder på at erkebisp i ikkje såg på valet av skriftformer som noen solidaritetshandling, eller at han la politisk symbolverdi i ordformene. Ansatsane vi såg på 1400-talet til verdilading i sjølv språkbruken, har tydelig ikkje gripe om seg i Norge – i motsetning til det som skjedde i Sverige. "Dansk språk", som vi gjerne kallar det, betydde i samtida neppe bare 'språket i Danmark'. Det blei oppfatta som det sjølv sagte autoritets-skriftspråket eller formalitetsspråket ved sida av latin. Kanskje vi kan komme nærare samtidsoppfatninga av språkvariasjonen ved overgangen til ny tid med å sjå på variantvala

som sjangerval eller stilval – ikkje som språkval. Norsken hørte til i lågsjangeren, dvs. i folkediktinga, slik folkemåla òg gjorde det i andre land.

Reformasjonen blei nederlaget for sjølvstendestriden i unionen, og med kongehandfestinga frå 1536 blei Norge bare eit "ledemot" eller del i det danske riket. I samsvar med dette blei norsk da bare ein del av den store talemålsvariasjonen innafor kongeriket slik jysk, bornholmsk osv. var det, og denne variasjonen stod ikkje i motsetning til dansk.

Dei norske humanistane, som kom til å bety mye utover 1500-talet, såg heller ikkje grunn til å dra fram og polere eit 'norsk'-begrep, enda dei var ivrige etter å vise fram den stolte norske historia, jf. *Om Norgis Rige* av Absalon Pedersson Beyer. Nemninga *norsk* brukte dei bare om gammalnorsken, dvs. om eit språk i fortida. Når humanistane omsette tekstar frå norrønt til dansk, var det 'moderniseringar' for å lette forståinga. Det er såleis påfallande at Laurents Hansson i forordet til omsettinga si av *Heimskringla* i 1550 omtalar 'norsk' som det språket han omset frå, og 'dansk' er "thet mal Som Wi nu tale her i Norrige".

Innhaldet i ordet *norsk* har nok ut frå vår ståstad vore vlagt utover i hundreåra. Når det blir brukt på 1600- og 1700-talet, er det om dialektale avvik frå autoritetsspråket dansk (Sandøy 2000). Norsk tilsvarte jysk, bornholmsk osv., dvs. som del av talevariasjonen innafor det store kongeriket. Dessutan ser ein at norsk òg blir omtalt som *bondespråk*, dvs. at ein får inn eit standsperspektiv når ein karakteriserer språkvariasjonen. Det støttar opp om sjangerperspektivet på språkvariasjonen, og vidareutviklinga av det ser vi f.eks. i at det norske bondespråket blei mye brukt i visediktinga utover 1700-talet.

Det er ordboksforfattaren Laurents Hallager som er den første som nemner at 'norsk bondemål' kunne ha vore eit 'sjølvstendig språk', i *Norsk Ordsamling* frå 1802. Her anar vi altså eit nasjons-perspektiv. Det er under den kommande nasjonalromantikken at begrepet norsk blir utvikla slik at det blir eit sjølv sagt argument at eit norsk skriftspråk må avløyse dansk skriftspråk, dvs. som sosial institusjon og som autoritetsspråk i den nye nasjonen frå 1814. Dèt var ei logisk følgje av det nye nasjonsbegrepet. Det er nokså klart at Ivar

Aasen utnyttar riksspråks-ideologien og nasjon-perspektivet når han kallar innføringa si frå 1853 for *Prøver af Landsmaalet*, der *land* kan og skal lesas som 'rike'.

4. Færøysk som språk

Det har vore litt underlig for færøyingar at færøysk blei kalla norsk på 1600-talet. "Hvat merkir tað, at málið í Føroyum er norskt?" spør Peter Martin Rasmussen (1997: 26) og siktar til kjelder frå 1600-talet. Første dokumenterte refleksjonen om språket på Færøyane finn vi hos dansken Jens Lauritzsøn Wolff i *Norrigia Illustrata* frå 1651. Han seier at færøyingane snakkar eit språk seg imellom som ingen andre forstår, men færøyingane lærer å forstå dansk. Han peikar altså på ein språkforskjell, men han set ikkje namn på språket på øyane. Det gjør derimot Lucas Debes, prest på Sør-Streymoy, som i boka si *Færoæ et Færoa Reserata* frå 1673 seier:

"Deres Sprog er Norsk, dog udi disse Tider mest Dansk, dog have de endnu beholdne mange gamle norske Ord." (Debes 1963:253.)

Og Peder Hansen Resen tar opp att det same i *Atlas Danicus* i 1688: at færøyingane brukar det norske språket. Frå vår synsstad i dag ser dette litt underlig ut, og Rasmussen trur at påstanden om "udi disse Tider mest Dansk" må sikte til at færøysken var danskpåverka (Rasmussen 1997: 26). Denne tolkinga har han kanskje etter Jørgen Rischel (1963: 58), som òg trur Debes siktar til "sprogblending". Men held vi dette saman med det vi såg ovafor frå forordet hans Laurents Hansson frå 1555, som òg skriv om at det er dansk nordmenn no talar, så avspeglar det nok meir kva som var dei vanlige språkoppfatningane på den tida: Norsken hadde med historia å gjøre, at det var minningar om norrønt i språket på Færøyane; dansken representerte den nye tida og var samtidspråket. I den færøyske samanhengen betyr dette at Debes (og Resen) formidla at dei kjente til den færøyske historia og at opphavet var norsk.

Når Debes i beskrivinga si skal omtale sauene, seier han: "er Faar et Dansk Naffn/ kaldis paa gammel Norsk en Saud/

paa Færøesk Søid" (s. 177). Her ser vi igjen at det er det historiske blikket som gjør norsken relevant, og det blir demonstrert at færøysken har røtene sine der. "Søid" er altså av dei "mange gamle norske Ord".

Elles skal vi merke oss i det siste Debes-sitatet at ordet *færøysk* er her for første gong brukt om noe språklig. Det skjer også tre andre gonger. Debes har her bruk for å karakterisere det avvikande, og då treng han å bruke dette adjektivet, likeins som *norsk* noen gonger òg på 1600-talet blir brukt i Norge om det som var avvikande frå det sjølvsagte språket. Det er ingen grunn til å legge noen forestilling om eit heilskaplig språk inn i denne språkbruken; dét viser den direkte utsegna om språktilstanden i sitatet ovafor. Dette er ikkje annleis enn at vi også kan snakke om ein hordalandsk bil og ein færøysk bil utan å kople adjektiva til noe anna innhald enn at desse eksemplara av bil har ei geografisk tilhørsle til Hordaland og til Færøyane

– utan å referere til spesielle biltypar.

I 1720-åra skreiv Johan Hendrik Weyhe (1706–1770) ein færøysk grammatikk, og han skreiv opp nokre færøyske kvede som trulig hamna i København. Dette er no forsvunne, så vi veit lite om innhald og kva idéar som kjem til uttrykk i denne grammatikken. Men uansett om dette var lite, viser det i alle fall ei

FÆROÆ
Et
FÆROA RESERATA
Det er:
Færøernis
De
Færøeske Indbygg-
geris Beskrivelse / udi hvil-
ken søris til Yusef adskillige Natu-
rens Hemeligheder / oc nogle Antiquite-
ter, som her til Dags udi Mørket hafve
været indelugte / oc nu her opladte /
Alle curieuse til Velbehagelighed /
Sammenstrefven oc forklaret
Aff
Lucas Jacobson Debes.
Cum Grat. & Priv. S. R. M. ad decennium.
Riebenhafn / Tryckt aff Matthias
Jørgensen / Aar 1673.
Paa Autoris egen Beføfning / oc findis til
tiøbs hos Christian Beertsen ved Heibroe.

vaknande interesse for det språklige, men kanskje først og fremst frå akademikarar i København.

Langt ut i opplysningstida kjem Jens Christian Svabo (1746–1824) med sine "Indberetninger fra en Rejse udi Færø i 1781/82", og i omtalen hans av færøysk språk er perspektivet meir likt vårt; han siktar til heile systemet av språkdrag som blir brukt på Færøyane. Rettnok endar beskrivinga hos Svabo i pessimistiske tonar, for han meiner språket hadde fått så dårlig medfart at folket burde gi det opp og gå over til dansk for å sikre framgang for samfunnet. Det er altså ein purist som resignerer og beskriv "det færøske Sprog, saa fordervet som det nu befindes". Ein kan tolke dette slik at Svabo poengterer at færøysk ikkje oppfyller minimumskravet til å vere eit språk. Samtidig er det slik at Svabo gav seinare god grobotn for interessa for færøysk språk og for å tillegge det verdiar slik at det kunne oppnå status som sosial eller kulturell institusjon. Svabo skreiv nemlig opp ei mengd færøyske kvede etter den færøyske uttalen, og desse kveda er seinare blitt dyrka som ein stor kulturskatt. Alle oppskriftene hans var meint som ein antikvarisk redningsaksjon, slik at ettertida skulle få sjå det færøyske språket. Men dei fekk altså ei anna betydning enn Svabo tenkte seg. Og fleire oppskrivarar følgte i fotefara hans.

Tanken på å bygge opp færøysk som ein sosial institusjon som folket har tillit til, kjem med nasjonalromantikken. Når presten Johan Hendrik Schrøter (1771–1851) i 1823 omset Matteusevangeliet til dialekten på Suðuroy, er det ei handling som skal bygge opp interessa og respekten for språket. Schrøter var opptatt av færøysk, han skreiv brev på færøysk, og han argumenterte overfor Bibelselskapet for å omsette skriftene i Bibelen med at budskapet nådde betre fram når han var på morsmålet (Rasmussen 1997: 55).

Det var i Danmark at den viktige diskusjonen om færøysk gjekk – kanskje som ei avspegling av at den nasjonalromantiske idéen om einskapen mellom nasjon og språk der hadde utvikla eit nytt språkbegrep. Vi ser det særlig i samband med stendertinget i Roskilde i 1844 der eit nytt skolereglemang for Færøyane blei drøfta. Ein representant for danske bønder og husmenn syntes det var gale at færøyingane måtte bruke

dansk i skolen – og at dei ikkje fekk vere med på å bestemme spørksmålet sjølv. Embetsmannen Niels Hunderup, som endåtil hadde vore sorenskrivar på Færøyane og dermed hadde konkret kunnskap, meinte at færøysk ikkje kunne kallas eit språk, for det var bare ein "Mundart eller Dialect", ei blanding av dansk og islandsk. Den ideologiske føraren i tida, Svend Grundtvig, engasjerte seg med boka *Dansken på Færøerne, Sidedestykke til Tysken i Slesvig* (1845), der sjølv tittelen appellerer til den danske folkesjela for å utvikle forståinga av at også færøyingane har eit morsmål. Dette er eit tydelig vitnemål om korleis konflikta, og her den danske konflikten med tyskarane, styrer begrepsutviklinga.

Teologistudenten V.U. Hammershaimb (1819–1909) var då i København og blei påverka av den danske diskusjonen og av kontakten med Grundtvig. Han blei den som forma ut eit skriftspråk og presenterte det i 1846, der dei norrøne røtene kjem godt fram, men tilpassa samtidstilstanden i dei færøyske dialektane. Dermed er idéen om eit eige språk utforma i godt samsvar med den rådande åndsstraumen, men foreløpig mest som ein intellektuell idé nede i Danmark. Gneisten som skal sette i gang ei rørsle heime på Færøyane for å gjøre dette språkforslaget til ein institusjon, kjem med det såkalla julemøtet i Tórshavn i 1888. Da blir det eit poeng for færøyingane sjølv å dyrke færøysk språk som ein kulturell arv med samfunnsbyggande funksjon. Men tvilen på at det kunne ha rett på ein slik sjølvstendig status, prega færøysk språkstrid langt utover på 1900-talet. Å bygge opp ein språklig institusjon (altså "trua" på at noe er eit språk) blei eit langt politisk arbeid.

5. Islandsk som eige språk

Islandsk historie er i eit språksosiologisk lys merkelig. At svensk og dansk kan utvikle seg som mentale forestillingar under innverknaden frå dei nye statsdanningane på 1500-talet, kan vi lett forstå. Dermed kan vi òg forstå at norsk og færøysk ikkje blei til slike forestillingar. Som Tore Janson (1997: 133) skriv om første tida etter at Gustav Vasa reiv Sverige laust frå Kalmar-unionen i 1523: Svensk skriftspråk blei viktig for "föreställningen om Sverige: en kung, en kyrka, ett

folk, ett språk”. Her skimtar vi første fasen i ein ny måte å innvirke på tankane åt folk på ved å definere fundamentale begrep som språk og identitets- og lojalitetsrammer, som den framveksande staten trong. Dette er ei *ideologisering av språket* (jf. Joseph 1981: 86f.), og det er eit nytt historisk stadium i den språkkulturelle utviklinga.

Men Island var ikkje økonomisk eller politisk sterkt. Likevel hadde humanistane der heilt andre tankar enn dei norske, og dei viser tydeligare inspirasjon frå den italienske renessansen enn dei norske gjør. Å bygge opp eit eige språk blei ei kulturpolitisk målsetting allereie på 1500-talet, og dermed blei det viktig å lage omsettingar til islandsk. Oddur Gottskálksson (1514–1556) – som forresten var norsk av ætt og voks opp i Bergen frå han var seks år – omsette *Nýja testamenti* til islandsk og gav det ut i 1540 – fem år etter han kom att til Island). Han kalla språket *norrønt*. Det var i tråd med tida at ein skulle framheve det klassiske, altså at namnet peika attover.

Første gongen ordet *islandsk* er brukt om språket, er i 1555 då reformasjonspresten Marteinn Einarsson gav ut *Ein Kristilig handbog Islenskud af Herra Marteine Einars syne*. Her er det rettnok verbet *å islandske* som er brukt, men det gjør same nytta. I bibelomsettinga frå 1584 ved Guðbrandur Þorláksson (1541–1627) var det tydelig lagt vekt på å bruke "rein" islandsk, og framdeles er det omtalt som *norrønt* på tittelsida. Dei to store intellektuelle på Island ved utgangen av 1500-talet var denne Guðbrandur og Arngrímur lærði Jónsson (1568–1648), og begge var opptatt av islandsk. Dei var stolte av det gamle språket, og dei var dei første annonserte puristane. Dermed blir det svært tydelig at islandsk får symbolverdi, og det fungerer som kriterium for det sær-islandske. Rettnok skiftar nemninga på språket ein del mellom *norrønt* og *islandsk*, men på 1600-talet tar nemninga islandsk fullstendig over.

Island har alltid vore opptatt av å forsvare seg statsrettslig. Det ser ein allereie av avtalane med Olav Haraldsson og altså Norge i 1020, og med Håkon Håkonsson i 1262 (Gamli sáttmáli), som formelt markerte at forholdet til Norge aldri var meir enn ein personalunion med felles konge. Det blei

tidlig stilt krav om at utlendingar skulle meistre norrønt/islandsk for å kunne ha offentlige verv på Island (Sandøy 2000), og landet innførte restriksjonar mot at utlendingar hadde vinteropphald der. Siktemålet var tydelig heile vegen å verne seg. Dette kan vere med og forklare det elles uforståelige i islandske holdningar på 1500-talet.

På 1700-talet opplevde Island ein "nedtur". Dansk administrasjon fekk sterkare grep, og dansk språk påvirka mye. Pessimismen blei stor, og dét fekk rektor Bjarni Jónsson på Skálholt til i 1770 å foreslå at islendingane burde legge av seg både språket og dei gamle klesdraktene: "Jeg anseer det ikke alene unyttigt men og desuden meget skadeligt, at man skal beholde det islandske Sprog." Dette forslaget minner om utsegnene Svabo kom med på same tida på Færøyane. Men antitesen dukkar raskt opp i same perioden: *Lærdómslistafélagið* (eit opplysningsselskap) blei oppretta i 1780 (i København), og det begynte å gi ut opplysningsskrifter der den språklige purismen var sentral. Den særprega islandske nyordspolitikken stammar frå denne tida. Seinare har dei islandske språkforestillingane blitt stendig styrkt gjennom ein lang sjølvstendekamp, og etter 1944 av ymse konflikhtar med "truande" andreland.

Skal vi summere opp så langt, kan vi seie at i første delen av det vi kallar den nye tida eller moderne tida, var det ingen symmetri i språkbegrepa sett frå vår synsstad i dag. Det var tre språk i den nordiske bevisstheita: svensk, dansk og islandsk. I den delen av Norden der danskekongen styrte, var det altså to: dansk og islandsk. Ser vi bort frå Island, var verda slik at dansken var samtidsspråket, det som representerte den nye orden, dvs. den nye aktive einskapsstaten. Her skal vi òg hugse at dansken representerte folkemålet i det perspektivet at ein gjennom reformasjonen frigjorde seg frå den tidligare latindominansen i kyrkja. Dansken var "moderniteten". Tilsvarande var det med svensken i Sverige.

6. Kva skjedde med det faktiske språket?

Fram til 1350 var det svært mange felles nye utviklingsdrag i vestnordisk, særlig norsk, færøysk og islandsk. Dette kan ikkje vere bare tilfeldig, det vitnar om tett kontakt. Av slike

høg- og seinmiddelalderske språkendingar kan vi nemne at alle tre språka fekk overgangar som

kalla til *kadla*,
korn til *kodn*,
ánni til *ådne/aodni/ådne*, og
bók til *bouk*.

Dette er fenomen vi kallar segmentasjon, differensiasjon og diftongering i språkvitskapen, og dei viser tydelig at vi her har for oss eit stort samanhengande dialektområde med gradsovergangar. Norske dialektar og islandsk har frå same tida slike felles utviklingar som

steinn til *steidn*,
nafn til *nabn*,
haft til *habt*, og
bát blei til *baout*

i begge områda. Desse overgangane skjedde ikkje i færøysk. Derimot fekk færøysk og norsk enda fleire felles utviklingsdrag som det tredje vestnordiske språket, islandsk, ikkje fekk:

hvass til *kvass* (islandsk fekk same utviklinga mye seinare),
bein til *bain*,
heyra til *håyra*, og
bátur kóngsins til *báturin hjá konginum/báten til kongen*.

Det er så mye som er likt i språkendingane i denne tida at ein kjem vanskelig utanom å forklare det som uttrykk for stor kontakt mellom desse vestnordiske samfunna (Sandøy 2001). Det kunne sjølvsagt støtte opp om opplevinga av at dette var eitt og same språket. Viss vi vil unngå å fokusere på eit språkbegrep som kanskje er anakronistisk, kan vi uttrykke det slik at folk trulig opplevde at dei var i *same språksamfunnet*.

(Eksempel på særutviklingar i kvart land fins òg. Islandsk fekk utviklinga *kefli* til *kebli*, som ikkje fins i norsk

og færøysk. Færøysk fekk *bíta* til *boyta*, som ikkje fins elles i vestnordisk. Og norsk var aleine innafor vestnordisk med samanfallet mellom nominativ og akkusativ i substantiv og adjektiv. Osv.)

Kontaktane mellom Norge og Island blei sterkt redusert etter 1400. Det norske riket var så langt nede etter svartedauden og dei andre sottene som herja etter 1349, at det hadde problem med å halde oppe båttrafikken ut til Island. Erkesetet fekk f.eks. problem med å hente avgiftene det hadde rett på (Sandøy 2000), og etter reformasjonen var jo København viktigaste kontakten med kongeriket. Det faktiske brottet kom kring 1400, og tida etter 1430 blir i islandsk historie omtalt som *enska öldin* (= det engelske hundreåret), og det fortel om at engelskmennene i praksis dominerte.

Derimot var kontakten stor mellom Norge og Færøyane fram til 1620, for her var Bergen det vedtatte handelssenteret for desse øyane og dessutan bispesete frå 1550 til 1620. Denne forskjellen på kontaktmønsteret kan òg ha med det å gjøre at fleire færøyingar var handelsfolk på 1400- og 1500-talet, og dei etablerte seg i Bergen. Det gjorde ikkje islendingane, som nesten ikkje hadde havgåande båtar sjølve etter høgmiddelalderen. Dei sette si lit til engelskmenn og tyskarar, som prega tida som både fiskarar og handelsfolk.

Vi skal ikkje overdrive den reduserte kontakten med Island, for det var f.eks. norske prestar der. Gottskálf Nikulásson (1469–1520) (far til Oddur som vi nemnte ovafor) var nordmann, og han blei bisp på Hólar. Der hadde det òg sete andre nordmenn. Dessutan møter vi ein norsk hirðstjóri på Island først på 1500-talet, osv. Men desse var alle kongelige embetsmenn.

Breidda og intensiteten var større i kontaktane mellom Færøyane og Norge. Færøyingen Magnus Heinason (1545–1589) var son åt nordmannen Heini Havreki, første lutherske presten på Færøyane. Magnus etablerte seg med handel som han dreiv frå Bergen. Der var han ikkje einaste færøyingen. Færøyingar hadde òg eigedomar i Norge.

Viss vi no tenker oss at ein færøying, ein islending og ein nordmann treftes på 1500-talet – noe som slettes ikkje var urimelig verken i Bergen eller i København – kan vi spørje:

Kva språk snakka dei då saman? Det er ikkje lett å avgjere. Men det er kanskje mest rimelig at dei snakka kvar sin dialekt og følte at dialektane representerte ein variasjon innafor same språket. Likskapane kunne framdeles vere store. Vi kan ta ei setning slik ho ville lyde i norrønt før 1250: *Þessar stóru þernurnar eru allar hvítar*. Denne setninga ville kring 1500 lyde slik i tre vestnordiske dialektar:

Islandsk: *Stouru þednudnar eru adlar hvítar*
 Færøysk: *Hesar stouru tednunar eru adlar kvoytar*
 Sørvestlandsk: *Dessa stoure tednuna ere adla kvita*

Dette er så liten forskjell at vi er vane med mye større avstand mellom dialektane i Norge i dag.

Men *etter* 1500 kom mange nye språkendringar som førte dei tre dialektane lenger frå kvarandre. Ordforrådet utvikla seg sjølvsagt i noe ulike retningar. Det betyr ein del for forståinga, men er ikkje så lett å systematisere. Grammatisk skjedde det òg ein del, og det er lettare å vise fram i generell form. Vi skal ikkje her gå nærare inn på endringane, men bare kort gi illustrasjonar på 1) skjerping, 2) ny diftongering, 3) ny preteritums- og partisipp-ending i verb med utlydande trykktung vokal, 4) ny bøyingsklasse av verb (blanda bøying), 5) supinumattraksjon, 6) passiv i finitt, 7) passiv ved modale verb, 8) samansette partisipp, 9) perfektum, 10) durativ aspekt. (Sandøy 1976, 1986, 1991, 2001, Þráinsson et al. 2004, Wide 2002.) I tabellen nedafor viser skyggelegginga kva dialekt/språk endringane skjedde i.

	<i>Islandsk</i>	<i>Færøysk</i>	<i>Norsk</i>
1.	sjá, sjór	soyggja, sjógvur,	sjå, sjø
2.	dagur, baotur	deavur, baaatur	dag, baot/båt
3.	ná - náði	ná - náddi	nå - nådde
4.	leikar - leikaði	leikar - leikti	leikar - leikte
5.	Þeir hafa altíð reynt at taka grind	Teir hava altíð roynt at tikið grind	Dei har alltid prøvd å teke grind
6.	Hann er skotinn í dag	Hann verður skotin í dag	Han vert skoten i dag
7.	Þat má skjota hann	Hann kann skjótast	Han kan skytast
8.	Nú er hún komin í land.	Nú er hon ílandkomin	Nå er ho ilandkomen
9.	Hún er búin að lesa bókina	Hon er liðug at lesa bókina	Ho er ferdig å lese boka
10.	Hann er að lesa	Hann lesur	Hann les


Vi ser tydelig at færøysk og norsk følgjes åt i nokså mye, noe som kanskje ikkje er overraskande når vi kjenner historia ovafor om kontakten mellom landa.

Vi kan til slutt i desse språklige eksperimenta vise ei setning frå *Fedgar á ferð* av Heðin Brú (1940) jamført med omsettinga til islandsk ved Aðalsteinn Sigmundsson (Brú 1941) og til norsk ved Ivar Eskeland (Brú 1964). Dette er tilstanden på 1900-talet, og vi ser at språkforskjellen no er blitt større, og vi veit at på dette stadiet er ikkje språka lenger gjensidig forståelige. Dialektane frå 1500-talet er blitt egne språk både i bevisstheita og i verkeligheita, for gjensidig forståeligheit er eit nokså rimelig kriterium for kva vi skal rekne som varietetar av same språket.

Islandsk: *Það voru þeir, sem alist höfðu upp við árar og troðnar bæjargötur. Fyrir þeim eru allar ferðir langferðir og hættufarir.*

Færøysk: *Tað eru teir, sum vuksu upp við árum og troddum bygdagøtum. Fyri teimum vóru allar ferðir langferðir og hättisferðir.*

Norsk: *Det er dei som voks opp med årar og opptrakka bygdestigar. For dei var alle ferder lange og farlege.*



Vi kan kanskje sjå for oss utviklinga av avstanden mellom dei tre dialektane / språka i teikninga nedafor. Der ser vi korleis dei skil seg først i samband med smeltegryteeffektane etter landnåma på Færøyane og Island, deretter følgjes dei åt ei tid fram gjennom historia før dei utviklar seg i tre sjølvstendige leier etter reformasjonen:

7. Avslutning

Dei nordiske språka er eit spennande språklaboratorium. Dei skandinaviske landa har hatt stor kontakt og utvikla mye språklig fellesskap, mens den vestnordiske historia er heilt annleis. Det har gjort at norsken i dag ligg nærare svensk og dansk enn islandsk. Om færøysk ligg nærare islandsk enn norsk, skal vi ikkje drøfte her. Det kan fort bli ein "lærd strid". Dei språklige effektane av samfunnsmessig kontakt og isolasjon er eit "heitt" tema i både strukturlingvistikk og sociolingvistikk, og dei tre dialektane/språka gir oss ypparlig materiale til å forstå det betre.

Dei tre landa har også hatt ulike økonomiske og sosiale utviklingshistorier. Det siste vestnordiske fellespunktet var ved utgangen av middelalderen da alle tre samfunna var fattige og avmechtige og kom inn under den danske krona. Etter den tid har vegane tatt ulike retningar, og sjølvstendestridane har arta seg ulikt. Det siste har opplagt hatt innverknad på den ideologiske utviklinga og dermed oppfatninga av eige språk. Islandsk er eit særtilfelle ved å ha ei språkhistorie som om det skulle ha vore ei stormakt (på linje med Danmark og Sverige). I Norge og på Færøyane tok det lang tid å utvikle ei bevisstheit om at samfunna hadde eit eige språk som kunne gjerast til ein samlande institusjon med symbolsk og autoritativ funksjon. Som vi veit, spriker det den dag i dag ideologisk i desse to landa, og dei har den likskapen at språkbruken i samfunnet kan vise stor variasjon samtidig med at toleransen for variasjon òg er tydelig større enn i nabolanda. Språksamfunna våre er slik ypparlige kultursosiologiske laboratorium som kan hjelpe oss til å forstå meir av kva språk er.

Litteratur

- Brú, Heðin. 1940. *Feðgar á ferð*. Tórshavn.
- Brú, Heðin. 1941. *Faðgar á ferð*. (Omsett av Aðalsteinn Sigmundsson.) Reykjavík: Víkingaútgáfan.
- Brú, Heðin. 1964. *Fattigfolk på ferde*. (Omsetjing til norsk ved Ivar Eskeland.) Det Norske Samlaget. Oslo.
- Debes, Lucas. 1673/1963. *Færoæ et Færoa reserata. Det er: Færøernis oc Færøeske Indbyggeris Beskrivelse*. København. (Faksimileutg. ved Jørgen Rischel i 1963, København: Munksgaard, og trykt utgåve ved Einar Joensen i 1963, Tórshavn: Einars Prent og Forlag.)
- Grundtvig, Svend. 1845. *Dansken paa Færøerne. Sidedestykke til Tysken i Slesvig*. København: Reitzel. (Ny utg. ved Hans Bekker-Nielsen i 1978, Odense: Odense Universitetsforlag.)
- Janson, Tore. 1997. *Språken och historien*. Falun: Norstedts.
- Joseph, John Earl. 1981. *The standard language. Theory, dogma and sociocultural reality*. Michigan: Ann Arbor.
- Rasmussen, Peter Rasmus. 1997. *Mangt er í brøgdum vunnid. Um politisku gongdina í málstríðnum*. Tórshavn: Sprotin.
- Rischel, Jørgen. 1963. "Innledning og noter", som bind II av Debes 1963.
- Sandøy, Helge. 1976. *Laust samansette verb i vestnordisk. Ein samanliknande leddstillingsanalyse for islandsk, færøysk og romsdalsmål*. Oslo 1976.
- Sandøy, Helge. 1986. «*Han er åt og kjem seg*». *Om ein vestnordisk aspektkonstruksjon*. Bergen: Nordisk institutt.
- Sandøy, Helge. 1991. "Attraksjon av supinum i færøysk og norsk." I: *Danske folkemål* 33, 251–262.
- Sandøy, Helge. 1997. *Norvegr eller Norík. I: Arnold Dalen (red.): Granskingar av norsk mål i hundre år etter Ivar Aasen*. Trondheim: Tapir.
- Sandøy, Helge. 2000. *Nation und Sprache: das Norwegische. I: Andreas Gardt (red.), Nation und Sprache. Die Diskussion ihres Verhältnisses in Geschichte und Gegenwart*. Berlin: de Gruyter. S. 865–905.
- Sandøy, Helge. 2001. *Færøysk i vestnordisk språkhistorie. I: Kurt Braunmüller & Jógvan í Lon Jacobsen (red.): Moderne lingvistiske teorier og færøsk*. (Norsk Sprogråds skrifter.) Novus, Oslo 2001, s. 125-154.

- Práinsson, Höskuldur o.fl. 2004. *Faroese. An overview and reference grammar*. Tórshavn: Føroya Fróðskapaerfelag. 501 s.
- Wide, Camilla. 2002. *Perfect in dialogue : form and functional potential of vera búinn að + inf. construction in contemporary Icelandic*. (PIC monographs 3) Helsingfors: C. Wide. 277 s.